# BOKN BYGDABLAD



*Nr 9 november 2003 - Årg. 18*

www.bygdabladet.no





**Farvel - s. 3**



**Bamsedag - s. 7**



**Julekonsert - s. 11**

Bokn kommune

Kusymre kommuneblom i Bokn





# ORDFØRAREN HAR ORDET

Hei!

**Nye omsorgsbustader**
I desse dagar flyttar dei som fekk plass i dei nye omsorgsbustadene inn. Eg har vore ein runde og sett og det blir eit svært fint tilbud, med fine gode rom og felles dagligstue. Det er heller ingen ting å utsetta på utsikten, spesielt frå stua. Eg trur me kan seie at Bokn har eit av dei beste tilbuda til eldre i Rogaland. Eg vil



I DAGLISTUA PR. 14.11: Fv. Arne Grønnestad, Sigrid Våge og Gerd Gundersen gler seg stort over nye lokale. På bordet ligg kunst av Wenche Jøsang klar til opphenging.
Foto. JH

ønske lykke til med bruken og håper at alle vil trivast.
Me arbeider med ei offisiell opning av omsorgsbustadene og håpar på fint besøk. Eg vil komme tilbake til tid og kva me får til.

**Politireforma**
Etter ei roleg tid i det regionale arbeidet begynner nå ting å røre på seg igjen.
Som de sikkert har sett så står politi- og lensmannsetaten foran ei ny om-organisering.
Der er to alternativ ute til høyring.

**Alternativ 1** går ut på å slå saman Haugesund politistasjon, Sveio og Tysvær lensmanndistrikt til ei ny eining. Det vil bli ein tjenestestad i Aksdal.
Formannskapet ønsker ikkje denne løysinga p.g.a. mindre lokalkunnskaper og mindre politi synleg på Bokn. Nærheten til politiet blir mindre og det førebyggande arbeidet blir redusert.
Det vil nok vere ein styrke for problema Haugesund strir med.

**Alternativ 2** går ut på å slå saman Tysvær og Sveio lensmannsdistrikt. I dag har dei eit samarbeid og det er eit alternativ som betre vil ivareta førebyggande arbeid og eit synleg politi gjennom betre lokalkunnskap og nærhet til publikum.
Formannskapet går inn for dette alternativet og eg vil arbeide saman med Tysvær for å få denne løysinga.

**Busetting**
I den seinare tid har der vore mange hus til salgs på Bokn og eg er svært glad for at mange unge med familie har kjøp bustad og velger å bli buande på Bokn. Dei som kjem utanfrå ønsker eg velkommen til Bokn og håpar dei vil trivast her. Er det noko eg eller kommunen kan hjelpe til med er det berre å ta kontakt, og me som innbyggarar, venner eller naboar må ta godt i mot alle nye innbyggarar.

Eg tar det som et teikn på at Bokn har gode kvalitetar som bukommune og er eit alternativ for å etablera seg. Det set me pris på og eg vil gjere det eg kan for at Bokn fortsatt skal vere ein varm og trygg stad å bu med tru på framtida.

*Svein Ove*

# Stadnamn i Bokn

Reidar Alvestad

**Ikkje berre for spesielt interesserte**
Det var professor Inge Særheim frå Høgskulen i Stavanger som kåserte om stadnamn i Bokn på eit arrangement i Bokn Historielag sin regi den 15. oktober i år. Rundt 20 interesserte hadde funne vegen til Allrommet på Boknatun for å høyra litt om kva han hadde å fortelja. Det er mykje som foregår rundt omkring i bygda nå om haustkveldane, og



LYDHØYRD FORSAMLING:Inge Særheim snakkar om stadnamn i Bokn for interesserte tilhøyrarar.

historielaget var kanskje nøgd med at såpass mange hadde møtt fram. Likevel er det nok sikkert mange som ikkje var der som ville hatt stort utbyte av å høyra på Inge Særheim, for han ga ei fin oversikt og forklaring på kva dei ulike stadnamna tyder.

**Rogaland Historie og Ættesogelag**
Før Særheim tok for seg stadnamn, orienterte Turid Skimmeland frå fylkeslaget. Dei gir ut både bladet



FRÅ ROGALAND HISTORIE- OG ÆTTE-SOGELAG: Turid Skimmeland Historie-orienterte om fylkeslaget.

**Sydvesten og Ætt og Heim.** Ho sa imidlertid at det er dei lokale historie-laga som er dei viktigaste, og nå er det snart lag i alle kommunane i fylket. Rogaland Historie og Ættesogelag var i si tid ein pådrivar for at Rogaland til slutt fekk Statsarkiv i fylket. Begge har nå kontor i Bergelandsgata i Stavanger.

**Innsamlling på 1980-talet**
Inge Særheim fortalde at det var idleg på 1980-talet at ein starta ein med innsamling av stadnamn i alle kommunane i Rogaland. Fylkeskommunen, kommunane og ulike lag og organisasjonar var med.

Stader har ulik bakgrunn for namna som er gitt. T.d. namn på kor kyrne går på beite, på sjøen kor ein fekk fisk, kor det var farlege skjær osv.
Dei eldste namna i naturen kan vera på øyar, gardar og vatn, og kan vera 2—4000 år gamle. Her i området er det mange gamle namn. Eksempel på dette er namnet Bokn og Ogn. Sjølv om ein veit kva mange namn tyder, er det på langt nær alle dette gjeld. Mange stadnamn ein ikkje veit kva tyder, kan vera nemningar på naturformasjonar.

Eit spesialnr. av **Frå Haug og Heidni** frå 1996 har ein artikkel om stadnamn frå Bokn.
Lokale stadnamn fortel også om tradisjonar, handel osv.
Når det gjeld innsamlinga av stadnamn frå Bokn, manglar ein ennå litt, då det ikkje var alle som ein fekk materiale frå. I innsamlinga var ein også interessert i den lokale uttalen av stadnamna, og noterte den ned. Vel 2300 namn vart samla inn frå Bokn.

**Stadamn frå Bokn**
Ein veit ikkje heilt sikkert kva namnet Bokn tyder, men ei nærliggjande forklaring er teikn eller merke.
Loden kjem sannsynlegvis av lut/del.
Våga av våg, Kro av krå. Are trur ein har tilknyting til ar som er plog, sjølv om ari betyr ørn. Aksdal er ei avleiing av ordet ask. Trælhaug kan ha ei betydning frå fjell som er opprive (formasjon på fjell). Trosna-våg kan koma av uroleg(oppriven)sjø.
Nautøy kjem sannsynlegvis av at øya vart brukt til beite (naut-øy).
Bø tyder gard. Av dette kjem Øvra-bø og Nera-bø. Den øvre og nedre garden.
Namn med –Stad tyder buplass, opphaldsplass i gardsnamn. Det kan vera personnamn i forstavinga som Dagsland, Alvestad (Alve=Ø!ve). Ein har også andre forstavingar som seier ting om landskapet som t.d. Håland (Høgland), Hognaland kor Hogn betyr fjellrygg (Hognåsen). Torland—namn pluss land.
Laupland. Laup tyder landskyld, og det kan vera ein stad det vart betalt landskyld?
Kjøynå = kje-øy. Ognakalven—samanlikning med dyr.
Boknaflæet—ope felt på sjøen
Stødel—molkeplass.
Gidl—innegjerd driftaveg.
Tausaklemmå—her vart kvinnfolk ført over sundet.
Føresvik—kan tyda at her er det eit grunt område.
Grytlå har samanheng med stein.

For folk som er meir interessert i dette emnet, er det sikkert muleg å få meir informasjon ved å venda seg til Inge Særheim som arbeider ved Høgskolen i Stavanger. Han kan sikkert gi tips om kor ein kan finna meir ut om stadnamna som er samla inn frå Bokn. Bokn historielag er også eit lag som kan gi deg utbyte frå lokal historie. Grupper arbeider med ulike emne. Ta gjerne kontakt med leiar Sigvart Våga.

# Ingrid gir og får omsorg

Reidar Alvestad

**Flyttar inn i ny omsorgsbustad**
Eg var på Austre Bokn i anna ærend, og utan å melda frå på førehand ringde eg på døra til Ingrid Våge i Strandavika.



TAR FARVEL MED HEIMEN:Ingrid Våge utanfor huset få dagar før ho flytta inn i ny omsorgsbustad i Føresvik.

Eg ville spørja om eg kunne ta eit bilete av henne attmed huset før ho flytta inn i ny omsorgsbustad. Like sprek som for 4 år sidan då eg hadde ein lengre samtale med henne, var ho rask til å få på seg ei kåpe og vart med utanfor huset. Og i like godt humør. - Nå må du vinka farvel til heimen din, seier eg. Og den var ho fort med på.



FRÅ STOVEVINDAUGET: Denne utsikten sitt flyttar Ingrid frå.

Ingrid Våge har snart budd 60 av sine 87 år i Strandavika på Austre Bokn. Her levde ho saman med mannen sin Johan frå 1944 til han døde i 1997. Saman hadde dei sonen Sigmund som i dag er næraste naboen hennar, sjølv om han bur eit stykke frå henne. Ingrid snakkar mykje om Sigmund og kona Solvor som har vore så omsorgsfulle med henne opp gjennom åra. Og son deira Jan Inge som ho er bestemor til. Dei betyr alt for henne.
Men så har ho elles ei stor slekt og venner som både ringer og ser innom henne. Av og til er ho sjølv på reisefot for å sjå om dei.

**Har tenkt på flytting**
Dette med å flytta frå heimen i Strandavika til ny omsorgsbustad har ho tenkt på ei tid.
- Men eg har tenkt slik at dersom eg i det heile tatt skulle flytta, måtte eg gjera det nå mens eg ennå tenkjer klart. Eg har mange gode minne herifrå, sjølv om det hende at me før i tida kunne slita for å få endane til å møtast. Men me hadde jo sjøen med det den kunne gi. Og det viste seg at ein skal ikkje ta sorgene på forskot. Som regel vil det meste ordna seg. Og alle minnene eg har, kan eg jo ta med meg.

Og som sagt så gjort . Flyttinga står rett om døra. Nå får ho ein heilt ny kvardag med mange andre rundt seg, og kan føla seg tryggare med det. Ho meiner at ho vil sakna dei næraste, men reknar med at dei vil koma og sjå om henne når det er så kort veg. Dei seinare åra har ho hatt avlastingsopphald på sjukestova når hennar næraste har vore bortreiste på ferie, og dette har gått svært greit. Ho rosar personalet og dei andre bebuarane.

**I lokalen**
- I fjor vår kom det ein frå Nrk-Rogaland og spurte om eg kunne gamle songar. Og det kan eg, for eg har alltid vore glad i å syngja, og gjekk fleire år i kor. Og då radiomannen ba meg syngja ein song, så gjorde eg det. Songen heiter "Gi meg en blomst ", og eg lærte han av lærar Trahaug då eg gjekk på skulen på Austre Bokn. Denne vart så sendt i radioen, og det var fleire som ringte meg og sa dei hadde høyrt songen-.

Og så syng ho songen for meg i stova. Han er slik:

Gi meg en blomst mens jeg lever
så mitt øye kan frydes derved
Mitt øye ei skuer de blomster
du legger på båren min ned

Gråt ikke over min båre
de tårer ei bringer meg fred
Du skulle langt heller spart
meg mange tårer jeg gret

Så stakket er livet her nede
Men hvorfor forstår vi deg ei
Av sol og smil å sprede
et vell på hverandres vei

Dersom Ingrid vel å gå inn i fellesskapet som er med dei andre, både bebuarar og folk på dagsenteret, blir det sikkert mykje song og glede på Boknatun.

Bygdabladet kjem tilbake med meir reportrasje frå dei nye omsorgsbustadene seinare.



Ingrid Våge i sofaen heime i Strandavika ein av dei siste dagane før ho flytta. Litt av veggpynten er alt tatt ned av veggen og pakka i esker.

## Bokn for 50 år sidan

Det er alltid kjekt å lesa frå gamle dagar, og Bygdabladet vurderer å laga ei fast spalte framover. I første omgang prøver me med aktuelle hendingar som skjedde for 50 år sidan, gjerne i same månad som bladet kjem ut.

Du blir med dette oppfordra til å levera inn aktuelt stoff frå desember 1953, innan 10. desember. Har du anna stoff frå 1953 som ikkje er frå den månaden tar me sjølvsagt imot dette også.

Send bidraget ditt enten pr. brev eller e-post.

Me tar gjerne mot fleire idear!

- redaktøren -

Brev kome til rette etter 469 år. Postverket vil innskjerpa rutinane!

# Eit mellomalderbrev frå Bokn

Birger Lindanger

For eit par månadar sidan fekk eg eit brev frå Tor Ulset ved Riksarkivet i Oslo. Han hadde kome over eit dokument datert 24. januar 1534 frå Bokn og ville gjerne ha nokre kommentarar frå meg. Eg tok det med meg på eit møte i Bokn Historielag der me mellom anna drøfta kvar øya "Laatheren" kunne vera.

Eg har omsett brevet slik:

**Brevet**
"Lagrettesmennene Tore Eiriksson, Jon Loftsson og Anund Sigurdsson i Hetland skipreide helsar på vegne av seg og Gud alle dei menn som ser eller høyrer dette brevet. Med dette opne brevet gjer me kjent at me var på det rette vårtinget laurdag nest før St. Pålsdag. Der spurde den ærlege og fornemme mannen Henning Belhorn, befalingsmann Eske Billes fut i Fjordane og Karmsundet, om me eller nokon annan visste noko om Nerabø hadde rettar i Ogn ("Offuen") eller i Loden ("Laatheren").

Me svara då at me ikkje visste anna enn det me også hadde høyrt av foreldra våre, enn at Nerabø hadde rett til å setja to naut både i Ogn og i Loden "effther iorder hoff". Sameleis fortalde Torger på Øvrabø. Han var ein gammal mann og hadde også høyrt om desse rettane av foreldra sine. Vidare fortalde han Tore Eiriksson koss han hadde høyrt at desse rettane var komne til.

Det hadde seg slik at det var to systrer som åtte alle dei fire gardane som låg der ikring. Dei skifta det slik at kvar gard skulle eiga noko i øylanda - elles ville dei ikkje kunna hjelpa seg. Slik blei det så gjort etter prov og vitne.

Som garanti for sanninga i dette, sette me alle segla under dette opne brevet vårt som er gjort anno domini 1534 den stad og dag som er nemnd."

**Dei to systrene**
Kva tid var det så dei to systrene delte Ogn og Loden mellom gardane ikring? Og kva gardar dreidde det seg om? Torger Øvrabø var ein gammal mann i 1534 og har difor venteleg vore født kring 1450. Sjølv har han ikkje opplevd desse hendingane, men refererer til at han har høyrt om dette av foreldra. Foreldra må då i sin tur vera fødde tidleg på 1400-talet! Men det er jo ingen ting i vegen for at dei i sin tur kan ha høyrd om dette av *sine* foreldre! I så fall er me langt tilbake på 1300-talet.

Kven var då dei fire kringliggjande gardane som kvar hadde rett til to kyr på Ogn og Loden?
Går me fram til 1591, veit me at både Ognaland, Kro og Øvrabø høyrde til bispestolen i Stavanger. Det same gjorde også Ogn og Loden. Det me då kan tenkja oss, er at dei to systrene åtte heile dette området ein gong t.d. sist på 1300-talet. Dei må difor ganske visst høyrt til ei adelsætt! I samband med Svartedauden vart både Ogn og Loden avfolka. Då ordna dei det slik, at dei andre gardane deira her fekk nytta desse øydegardane som beite. Til saman var det altså beite for åtte kyr på kvar av dei to øyane.

Men dauden innhenta dei to systrene. Kanskje var det i samband med desse dødsfalla at bispestolen fekk hand om området. I tillegg åtte dei Nerabø. Av ein eller annan grunn fekk ikkje bispen denne garden. I staden hamna den eine helvta til bygdekyrkja, den andre helvta hjå adelsmannen Eske Bille.

# Oppgradering av vegen til Kro

Reidar Alvestad

**Oppgradering**
Frå før av har har den lokale fylkesvegen frå Boknasund Bru og nordover mot Kallabergvika vore smal og nedsliten av tung last. Dei seinare åra har det blitt fleire aktivitetar i dette området, t.d. trafikk til hytteutleige, transport av stein og drift av ridesenter. Også andre aktivitetar krev betre veg.
Det Vegvesenet nå har gjort, er ei oppgradering av denne vegen som går på å auka akseltrykket frå 8 til



Her på vegen mot Kro kan ein sjå at det er gjort utvidingar og laga møteplass. Arbeidet er ikkje ferdig før oljegrusen er på plass.

10 tonn, laga møteplassar og forsterka kanter og stikkrenner. Etterpå skal det leggjast fast dekke på dei stadene som er reparerte.



Når du kjører nordover er det ein skarp sving rett etter avkjørsla til Øvrabøvågen. Her er det renska godt opp slik at svingen er bllitt meir oversiktleg.

Det er det statlege aksjeselskapet *Mesta* som står for arbeidet, og midlane er tatt frå drifts- og vedlikehaldsbudsjettet til vegvesenet si avdeling på Haugalandet. Totale kostnader vil truleg bli rundt 6—700.000 kroner. Om eit år eller to vil det bli lagt nytt toppdekke på heile vegstrekninga.

Vegen er nå oppgradert slik at vogntog inntil 18,75 m lengd kan trafikkera strekninga. Det vil seia inkludert bil og hengar.



I den fine alleen på Nerabø er ikkje vegen utvida, men det er renska opp langs vegsidene og gjort meir oversiktleg.

**Også vedlikehald på Vestre Bokn**
Seinare skal fylkesvegen over Alvestad/Sæbø mot Føresvik få fleire møteplassar, men dette blir ikkje gjorti år, opplyser byggeleiar på drift og vedlikehald Magne Hegland i vegvesenet si avdeling på Haugalandet.

## Tilkomstveg til busshaldeplass

Folk som bur i Alvestadkroken og i byggefeltet i Alvestad sør, har ein lang omveg for å gå til næraste busstopp som ligg på E39 mellom Knarholmen og Boknasund bru. Bokn kommune skal nå ved hjelp av delfinansiering frå Aksjon skuleveg opparbeida ein 2,5 m brei veg frå innerst i Krokvika og rett opp til busshaldeplassen på E39. Vegen blir 160 m lang.
Dermed vil folk frå dette området sleppa å gå ei stor sløyfe fram og tilbake for å gå til denne busstoppen.
Kommunen har fått tilsagn på kr. 150.000,- frå Aksjon skuleveg som skal dekka halvparten av dei totale utgiftene.



Gangvegen frå Krokvika og opp til busshaldeplassen på E39 skal gå oppover i 160 m lengde, og starta her t.v. frå stolpen i midten.

# Energi, kunnskap og arbeidslyst

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kari Christensen

**Alle ungdomsskuleelevane i Bokn gjorde ein stor innsats for Operasjon Dagsverk 23. oktober.**

Rektor Ingjerd Ellingsen ved Bokn skule seier til Bygdabladet at samtlege elevar i ungdomsskulen fann seg arbeid i heimkommunen.

Bokn Fiskemottak, Grieg Seafood, Bokn Bygg, Krovågen Hestesenter, Arsvågen Kro og gardsmat AS og Bokn kommune er nokre av dei arbeidsplassane som hadde besøk av flittige ungdommar. Enkelte var i private heimar og andre jobba heime hos seg sjølv.

Kr. 200,- kosta det å ha ein ungdom i jobb hjå seg ein heil arbeidsdag.

Runa Grønnestad (tv på bildet) og Elisa Skeie jobba på Krovågen Hestesenter. Innehavar Kari Christensen fortel at ho etter første timen fann ut at dagens ungdom er fulle av energi, kunnskap og arbeidslyst.
- Fòring av hestar, måking av hestemøkk, golvvask og rydding blei unnagjort i ein fei!

Hovudoppgåva til Runa og Elisa var stell av rideutstyr i lær og skinn. Dagsverket blei avslutta med litt hestestell og ein ridetur.



Operasjon Dagsverk 2003 går til utdanning og yrkesopplæring av krigsramma ungdom på Sri Lanka.

# Koseleg bamsedag

Jardar Havikbotn



Kjetil Hamre tok seg ein runde med Ole Brumm-honning. Simmen Karoliussen var ein av dei som ville smaka.

**45 barn og vaksne fekk både eventyrstund, allsong, boller, saft og snop då den internasjonale Bamsedagen 2003 blei feira på Biblioteket 28. oktober.**

I år var det fyrste gong Bamsedagen blei feira i nye biblioteklokale, og auditoriet like ved gjer det meir lettvint enn tidlegare med ulike kulturelle innslag. Det blir meir stil over det heile med eit amfi. Biblioteksjef Linda Ognøy batt det heile saman.

Kjetil Hamre song Ole Brumm-songen med forsamlinga, og dei som ville fekk smaka på honningen til den kjende bjørnen. Ungane kosa med dei medbrakte kosedyra sine medan Kjetil fortalde eventyret "Gullhår og dei tre bjørnane". Den lokale diktaren hadde også med seg kosebamsen til "Lillebjørn" i eventyret, og trudde kanskje han kom for å henta han.

Både Kjetil og Gro er svært flinke med barn og gjorde stor lykke med innslaga sine! Dei fekk saman med barnehagen kvar sin Bamsedag-diplom. Kjetil fekk også med seg Bibliotekbamsen 2003, "Patusz".

Ei koseleg kosedyr-føremiddagsstund som nok kjem att neste år. Takk til Kjetil og Gro, og til foreldre som hjelpte til med praktiske gjeremål under og etter arrangementet, og ikkje minst Alvestadkroken Landhandel for seigmenn og bamsemums!

# Hus skifter eigarar

Reidar Alvestad

**Frå tregt til kjapt**

Ei tid har det vore nokre få hus til salgs i Bokn som det har gått tregt å få selja. Men for kort tid sidan kom det 4—5 fleire hus til salgs, og då blei det fart i omsetninga. På kort tid blei dei fleste av bustadene som var på marknaden selde.



Alle desse bustadene har i år skifta eigar. Det er vel etter måten mange i vår vesle kommune.
Dei to nederste er litt eldre bustader frå 1950—60 åra. Huset til venstre er murhus som ikkje er påbygd, medan det er utvida stove på det andre.

## Fiks ferdige hus med garasje og hage

I nokre av dei selde husa har det budd einslege og eldre, og det er stort sett yngre folk som har kjøpt . Dette tyder på at det er mange som har funne ut at det her i kommunen svarar seg å kjøpa brukt og ferdig i forhold til å byggja nytt.
Mange ser at dei vil kunna få brukbar bustad med hage og garasje for ein rimelegare penge enn det kostar å byggja nytt. Ulempen er ofte at dei ikkje får det akkurat som dei hadde tenkt, men med tid og stunder kan ein endra på ting.

## Vanskelegare marknad for kostbare hus

På bakgrunn av det som har skjedd med dei husa som har vore på marknaden, ser ein at det er best marknad for vanlege, nøkterne familiebustader. Det synes som at nyare, større og kostbare bustader er vanskelegare å selja. Så kjem det også llitt an på kva prisforlangande ein har. Det ser ut som at ein prisantydning litt under marknadsverdien har kome godt ut, og har gitt fleire og betre bod enn om dei hadde



Denne eigedommen i Føresvik har stått for salg over ei tid. Det er ein bustad med 1 større og 2 mindre leiligheter. Stor og fin og beplanta hage med drivhus, mykje heller i inngangsparti og elles, dobbel garasje og dekorert grunnmur samt innebygd inngangsparti er med og fordyrar eigedommen. Det er nok ikkje så stor marknad for bustader i denne prisklassen i Bokn. Siste prisantydning var på vel 2 mill. kroner pluss omkostningar.



Dette er ein mindre ny bustad med tilhøyrande naust og båtplass i Alvestadkroken. 1,3 mill. kroner er prisantydningen. Naust og båtplass er attraktivt, men eigedommen er visstnok ikkje seld ennå.

gått ut med høge prisantydningar. Det ser ut tilat hus i mellomklassen er mest attraktive for unge familiar. Elles virkar det som at marknaden fungerer. Eldre hus som ikkje er gjort noko med, blir ikkje så kostbare som tilsvarande som er påbygde og moderniserte.

Det er ikkje hyggeleg i nærmiljøet når hus står tome, anten dei er nye eller gamle. Difor er det ekstra kjekt når unge folk overtar desse, slik at staden får ei betre alderssamansetjing med fleire generasjonar samla i same område.

Bokn revylag inviterer til revy!!

# Klart for "Kun te' medisinsk brug"

Jardar Havikbotn

**Den fyrste Boknarevyen i dette århundre går av stabelen 22. og 23. november på Bokn skule.**

Det har gått fire år sidan Bokn revylag køyrde "Bånn gass" gjennom kommunen. Uttrykket "Kun te' medisinsk brug" inspirerte primus motor Olav Rossebø til å setja i gong det heile, etter ei spesiell hending i Bokn for eitt år sidan.



PÅ MUNNSPEL: Olav er løyndomsfull når det gjeld innhaldet.

Olav fortel til Bygdabladet at revyen er meir verbal enn det dei var på 1990-talet, og at eit par innslag kanskje er meir direkte enn det boknarane er vane med. Aktørane er færre medan tekstforfattarane er fleire.

- Ja, alle har meir eller mindre vore med på tekstane og det har blitt mykje lått og løye.

Olav var tydeleg nøgd då eg stakk oppom øvinga sundagen før premiera. Då var også musikarane med, oppå scenen, det er noko nytt.

Nytt er det også at ikkje alt stoffet er lokalt forankra. Og det heile, som tar ca. ein til halvanna time, blir avvikla utan pause.

To av musikarane var også med på forrige revy. Den tredje, Harry Bokneberg, deltar også på songar og sketsjar. Onar Alvestad styrer lyden, som sist.

Olav vil ikkje røpa noko som helst av innhaldet, så er du nysgjerrig på om årets revy har ein raud tråd og om naboen blir omtalt, ja, det får du sjå og høyra sjølv frå kl. 19.30 desse to kveldane. Du får tak i billettar hjå Alvestadkroken Landhandel og Coop Bokn.



VELKOMMEN TIL REVY: fv. Torunn Skjelde, Elisabeth Taraldlien og Berit Merethe Nordbø.

På laurdagen blir det også dans etterpå, der "Just in case" spelar opp.

## Dikt om mestring og barn sitt ynskje om å bli sett og anerkjent:

### EG KAN

Eg skriv ikkje fint, og eg les ikkje fort,
så meg er det lett nok å terge.
Men gjeld det å springe av stad som ein hjort,
å dukke i elva,
å klatre i berget...
Jau, det kan eg greie, ja, det går nok an
om nokon vil seie dei trur at eg kan!

Eg somlar og rotar, sit aldri i fred
og får aldri ferdig ei lekse,
Men gjeld det å lokke ei mor til å le,
ein hund til å danse,
ein blom til å vekse...
Jau, det kan eg greie, ja, det går nok an
om nokon vil seie dei trur at eg kan!

Eg greier mest aldri å fange ein ball,
eg spring nok, men stega er tunge.
Men gjeld det å stelle ein hest i ein stall,
ein sjuk i ei seng
og ein ørliten unge...
Jau, det kan eg greie, ja det går nok an
om nokon vil seie dei trur at eg kan!

Ingvar Moe i boka - Dikt for deg og andre barn,
Det Norske Samlaget 1973

## Øve bekken itte vatn

Eg sko gå øve bekken itte vatten
vatnet smake sikkert bedre der
hjemma va bare ein fløteskvett te katten
eg hadde på meg torre kler

Steinane va torre å fine
stødige såg de og ut til å ver
Eg tog sats å balanserte på line
og hadde fortsatt torre kler

Eg fyllte kannene heilt te randen
tok åket og lyfta med skjelvande kner
eg lagte djupe spor i sanden
der eg gjekk med torre kler

Steinane viste ein tydlige sti
men på den siste der satt katten
han ville ikkje sleppa meg forbi
men klenå va frie for vatten

Han slikka seg grundig i barten
og ville takka for fløten sin
han va fornøyde å fine i farten
og strøyk seg malande mot mine bein

Det gjekk så det gjekk eg traff vatten
men katten va fortsatt der
eg konne ikkje aent enn smila med katten
sjøl om eg ikkje hadde torre kler

Så ikkje gå øve bekken itte vatten
vatnet smakte ikkje bedre der
gløm ikkje fløteskvetten te katten
det va bare å skifta te torre kler

*Kjetil Hamre*

## Morgentur

Jeg gikk en stille time og slapp byens sus og larm
Turen den var ensom uten en kvinnes varme arm
Likevel sang fugler i fra hustak og fra trær
Solen gned seg i øynene og lovet oss godt vær

Fuglesangen økte den ble naturens englekor
Rundt meg var det vekster de sto i full sommerblomsterflor
Paraboler glinste men antennen var fortsatt der
Ivrig ble de brukt av både svarttrost og av stær

Den digitale verden gir oss mennesker så mangt
Men med mindre trær i skogen bygger fugler ofte trangt
Javist så gjør de skade men gir oss tifold glede med sin sang
Så tenk deg om før du fjerner din analoge arm

*Kjetil Hamre*

## Håp

Håpet er menneskets halmstrå håp om en bedre tid
Håp om en bedre verden fredfull og uten strid
Håp om å kunne leve sammen uten misunnelse og hat
Der kjærligheten får råde på bordet bugner det av mat

Det er ikke så mye jeg ber om offeret er ikke stort
Glem feider og søk sammen gjem uoverstemmelser bort
Senk din knyttede neve vis frem en åpen hånd
Ta imot hjelp med glede og knytt sterke vennskapsbånd

Tenn heller et lys i mørket jag spøkelsene fra en annen tid
Tenn freden og håpets flamme i varden bygget for strid
Tenn kjærlighetens indre gnist vern den mot hatets kalde vind
Solstrålene leker med skyene og fredens vind puster på ditt kinn

*Kjetil Hamre*

## Willy Ustad: "Vokternes valg"




Jeg har fulgt Vokterne og deres kamp mot Imperiet i 5 tidligere bøker. Nå har bok nummer 6 kommet og her får vi det endelige oppgjøret dem imellom. Fortelleren har fortsatt ikke noe navn men nærmer seg nå 18 år.

På en sen kjøretur med sin elskede Honda 125-Shadow dukker plutselig Dyret opp. Erika-Dyret i menneskekropp eller menneske i dyrekropp er Vokternes Vokter. Hun er kommet for å advare om at Imperiet er farlig nær ved å finne romskipet som er skjult i Wilhelminas gruveganger i Sveriges «Finnskog».

Vokterne samles i bakrommet på Café Skummel og bestemmer seg for å reise til Sverige. I romskipet er det genmateriale fra de fremmede og dette kan ikke falle i Imperiets hender. Med et slikt gen-materiale vil Imperiets Prosjek Orc kunne lykkes og den perfekte drapsmaskin se dagens lys.

Dette er rammen i den siste boken i serien om Vokterne. Jeg vil savne dem men det er jo alltid en åpning for gjensyn og de fremmede er fortsatt like mystiske som ved starten av serien. Uansett takker jeg Willy Ustad for en fin serie.

Jeg vil nok øke alderen noe for denne boka. Ikke fordi de inneholder særlig blodige detaljer, men fordi det er litt mer avanserte forhold mellom personer og handling i boka. Jeg vil nok likevel tro at en 12-13 år som minste aldersgrense skulle passe for lesehestene. Alder oppover finnes som kjent ikke selv om boken nok ikke fenger den eldste generasjon.

Det er ikke nødvendig, men en fordel å ha lest flere av bøkene i serien før du leser «Vokternes Valg»

*Kjetil Hamre*

# Julekonsert med Christina Bjordal Band

Jardar Havikbotn

Det er klart for stor stemmeprakt med sikkert akkompagnement når plateaktuelle Christina Bjordal Band held julekonsert i Bokn kyrkje fredag 12. desember.

- Dette skal bli gøy, seier vokalist Christina Bjordal (23) til Bygdabladet.
Den unge frontfiguren, som har mora Kari Hetland på Bokn, sang også i kyrkja på julaftan i fjor. Det slo så godt an at Soknerådet saman med kulturkontoret vil arrangera ein heil konsert med henne.

Haugesund og som til vanleg spelar mainstream akustisk jazz. Den fyrste plata deira, «Where dreams begin» kom ut 10. november og har fått glimrande kritikkar i pressa, både i Oslo og lokalt.

Det var bandet sin primus motor, pianist og komponist Svein Olav Herstad som starta bandet sommaren 2001. Herstad har vore med på heile sju cd-innspelingar det siste året.

Bassist Kjetil Lundø og eks. Vamp-trommeslagar,




I SITT RETTE ELEMENT: Christina Bjordal Band på jazzkafé på Høvleriet i Haugesund. Fv. Svein Olav Herstad, Kjetil Lundø, Christina Bjordal og Erling Sande.

Christina, som har bakgrunn frå både Haugesund Barne- og ungdomsteater og Tensing-koret Keystone og som både målar og teiknar, vil saman med bandet framføra eit knippe med kjente og kjære julesongar.

**Barnekor**

Barnekoret i Bokn vil også ha ei avdeling på konserten.
- Dei skal starta det heile. Dessverre fekk me ikkje tid til å framføra noko i lag, fortel ei travel dame.

Trass sin unge alder har Christina hausta mange lovord for stemma si og er spådd ei stor karriere som jazz-songar. I vår vann ho "Jazzen i Sikte" i Bergen, og i sommer var ho i Skottland og hadde fleire "Tribute to Peggy Lee"-konsertar med skotske "Tom Finlay Trio".

Ho har gitt namn til haugesundsbandet, som er sprunge ut frå jazzklubben på "To Glass" i

Erling Sande dannar andre halvpart av jazzbandet, som forutan å ha spela på Sildajazzen dei tre siste åra og besøkt Bergen og Sandnes ein del også har spela i Oslo.

Dei lesarane som vil høyra bandet framføra jazz kan ta seg ein tur på "To Glass" ein onsdagskveld, eller besøka nettsida deira, **www.bjordalband.com**

Velkommen til julekonsert – me gler oss!

Kilde: Ingeborg Hald



# KULTURKALENDEREN

Daglege oppdateringar i nettutgåva.

- nye arrangement/ forandringar blir utheva kvar gong -

NOVEMBER
21. Bedehusbasar kl. 19.30
22. Julemesse for Bokn og Tysvær på Tysvær Soknahus kl. 11.00 - 15.00, arr. Det Norske Misjonsselskap
**22. Premiere på Bygdarevyen 2003 "Kun til medisinsk bruk" - arr. Bokn revylag. Dans etterpå.Sjå plakatoppslag**
**22. Restaurantkveld på Angusloftet på Are kl. 20.00, med dans og servering av forfriskninger og varmretter**
23. Bokn sundagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
**23. Førestilling, Bygdarevyen 2003 "Kun til medisinsk bruk" - arr. Bokn revylag. Sjå plakatoppslag**
23. Normisjon på Bedehuset kl. 19.30
27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
27. Julebingo, arr. Bokn musikkorps
29. Seminar Bokn musikkorps' vaksenkorps, Bokn skule kl. 09.00 - 17.00
30. Julemesse - arr. Arsvågen Kro– og gardsmat. Påmelding for utstillarar innan 20.11 på tlf. 52 74 80 00
**30. Julegrantenning, skulen - Boknatun kl. 16.00 - arr. Bokn Røde Kors**
30. Gudsteneste kl. 19.00

DESEMBER
02. Speidaravslutning på skulen kl. 18.00
03. Formannskapsmøte
03. Alpha på Bedehuset
**05. Kino: "Nasse Nøff" kl. 18.00 - "Mors Elling" kl. 20.00**
07. Bokn sundagsskule, Bedehuset kl. 10.30 - 11.15
07. Jul i stallen på Håland, arr. BORK
12. Julekonsert i Bokn kyrkje med Christina Bjordal Band og Barnekoret. Entré kr. 100,-/50,- forhåndssal i S-torget
14. Gudsteneste kl. 11.00
14. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
Veke 51 Ikkje utleige i gymsalen
**17. Kommunestyremøte**
18. Juleavslutning på skulen
21. Sundagsskulens juletrefest, Bedehuset kl. 15.00
24. Gudsteneste kl. 14.30
26. Gudsteneste kl. 11.00
27.-30. Datatreff på skulen - arr. BCG
28. Juletrefest på Bedehuset kl. 15.00
31. Gudsteneste kl. 16.00

GYMSALTIMEPLAN, KVELD

| DAG | AKTIVITET | KL. | ANSVARLEG |
|---|---|---|---|
| Mån | Bokn musikkorps<br>Fotball 11-12 år<br>Bokn Musikkorps | 15.30 - 16.30<br>16.30 - 17.45<br>18.00 - 22.00 | Oddrun Nilssen<br>Gunnar Bokneberg<br>Dagny Kjellesvik |
| Ons | Fotball 8-9 år | 17.00 - 18.00 | Artur Trosnavåg |
| Tor | Volleyball, ungdom<br>Volleyball, vaksne | 19.00 - 20.00<br>20.00 - 22.00 | Tove Hognaland<br>Atle Jøsang |
| Fre | Fotball | 19.00 - 20.30 | Gunnar Solberg |

## "Oppdrag NEMO" kjem

**Storfilmen "Oppdrag NEMO" kjem til Bokn på nyåret. Det bekrefter ein representant for Bygdekinoen til Bygdabladet.**

Det er ikkje automatikk i at alle storfilmane som blir viste på bygdekino kjem innom Bokn. Dette kjem av at Bokn har kino kvar månad og ikkje kvar 14. dag.

Det er ulike meiningar om kor ofte det bør vera kinotilbod i kommunen, og det er meir praktiske grunnar som ligg bak beslutninga om å køyra ein gong i månaden vidare framover.

At boknarane set pris på tilbodet er det ingen tvil om. 7. november blei det sett nye publikumsrekordar då det var 108 betalande, og nypoppa popcorn, baconchips, brus og anna snop går ned på høgkant!

5. desember er det klart for **"Nasse Nøff" og "Mors Elling"**. Klokkesletta er alltid kl. 18.00 og kl. 20.00. Sjå eigne plakatar.

## Me gratulerer!

Bygdabladet presenterer små og store jubilantar.

